



Jan Helge Hjørnevik
Hinnesvegen 46
5709 VOSS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/625 - 15/8637

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
28.07.2015

Byggesak Gbnr 84/10 Haukeland søndre - Vatn og avløp - søknad om ansvarsrettar - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 187/2015

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : **Vetåsvegen 139**
Tiltakshavar : Jan Helge Hjørnevik
Ansvarleg søker : Stendal VVS as
Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om ansvarsrettar for tilkopling til avløpsanlegg (slamavskiljar) og tilknytning til offentlig vassverk på eigedom gnr. 84 bnr. 10 Haukeland Søndre. Søknaden omfattar ansvarsrettar for søker-, prosjekterande- og utførandefunksjonen i tiltaket.

Det er i sak 144/2015, datert 03.06.2015 gjeve utsløppsløyve etter forureiningslova for etablering av slamavskiljar med tett leidning til sjø.

Det vert elles vist til søknad mottatt 23.06.2015.

Planstatus

Tiltaket ligg innafor området som i kommuneplan for Radøy kommune 2011-2023 er definert som område for bustadbygging. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med planen.

Uttalekrav frå annan styresmakt

Dispensasjon

Byggjesaksmynde i Radøy kommune har vurdert at tiltaket ikkje krev dispensasjon. Slamavskiljar vert plassert på eigen grunn og utan synlege terrenginngrep, vidare vert det å kopla seg på eksisterande anlegg i området.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering er vist i situasjonsplan datert 07.04.2015.

Privatrettslege rettar

Sjølve anlegget skal plasserast på tiltakshavars eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyver. Det ligg føre avtale mellom eigar av gnr. 84 bnr. 12 og eigar gnr. 84 bnr. 10 om å kunne nytte allereie etablerte rør for tilkopling av vatn og avløp.

Terrenghandsaming

Det er ikkje søkt om terrengendingar. Byggjesaksmynde i Radøy kommune legg til grunn at tiltaket vert utført utan vesentlege terrengendingar.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Stendal VVS as** org.nr. (980626180) har søkt ansvarsrett som ansvarlig søker (SØK).

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Stendal VVS as** org.nr. (980626180) har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering tilkopling offentleg vassverk og tilkopling frå slamavskiljar til felles ledning til sjø.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Stendal VVS as** org.nr. (980626180) har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF, utføring tilkøpling offentlig vassverk og tilkøpling frå slamavskiljar til felles leidning til sjø.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var mangelfull når den var mottatt. Manglane vart medelt ansvarleg søker ved telefonsamtale 28.07.15. Manglane var som følgjer:

- Manglande ansvarsrett for tilkøpling frå avløpsanlegg.

Manglane vart retta ved brev frå ansvarleg søker av 28.07.15.

Ansvarleg søker og andre involverte føretak må registrere avvika i sitt internkontrollsystem og treffe tiltak for å unngå gjentakning.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 28.07.15 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf.. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 a vert det GODKJENT søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn som omsøkt for tilkøpling til offentlig vassverk og etablering av slamavskiljar på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at tiltaket vert utført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.
4. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggje føre:
 1. Faktisk plassering av tiltaket må vere innmålt, og koordinatar sendt kommunen.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) vert det GODKJENT ANSVARSRETTAR for:

FØRETAKE	L/S*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
Stendal VVS as org.nr. (980626180)	S	SØK	1	Ansvarleg søker

Stendal VVS as org.nr. (980626180)	S	PRO	1	Prosjektering tilkopling offentlig vassverk og tilkopling frå slamavskiljar til felles leidning til sjø
Stendal VVS as org.nr. (980626180)	S	UTF	1	Utføring tilkopling offentlig vassverk og tilkopling frå slamavskiljar til felles leidning til sjø.

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 11.12.14 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.8	Delt sakshandsaming	kr	<u>2 700</u>
Totalsum		kr	2 700

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjer stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det gjenstår mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere gjenstående arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillende tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 15/625

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Jan Helge Hjørnevik

Hinnesvegen 46 5709

VOSS